

# Årsmelding for Holsen og Haukedalen sokn 2021

Soknerådet har vore samansett slik:

Leiar:	Bodil Øvsthus Frøysland, Haukedalen
Nestleiar:	Laila Marie Nydal, Holsen
	Nils Asbjørn Gjerland, Haukedalen
	Gunn Alise Heimestøl, Holsen
	Kåre Håkon Høgseth, Holsen
	Berit Irene Haarklau, Haukedalen
1. varamedlem:	Anne Berit Holsen, Holsen
2. varamedlem:	Monika Igland Frøysland, Haukedalen
3. varamedlem:	Laila Johanne Hage, Haukedalen
4. varamedlem:	Anne Grethe Steinfeld, Haukedalen
5. varamedlem:	Wenche Merete Reiersgård, Holsen

Medlemer i andre råd og utval:

**Sunnfjord Kyrkjeleg fellesråd:** Nils Asbjørn Gjerland  
Varamedlem: Berit Irene Haarklau

**Kyrkjelydsbladet Helg og Heim:** Bodil Frøysland  
Varamedlem: Laila Nydal

**Trusopplæringsutvalet:** Gunn Alise Heimestøl  
Varamedlem: Bodil Frøysland

Andre nemnder:

**Dåpsopplæringsnemnd i Haukedalen:** Tor Arild Nydal Holsen, Karin Ø. Grøneng, Else Myren og Bodil Ø. Frøysland.

**Diakoninemnd i Holsen:** Hallbjørg Sveum og Inger Lise Vallestad  
**Diakoninemnd i Haukedalen:** Magnhild Rørvik og Bodil Støfring

**Blomering Holsen kyrkje:** Hallbjørg Sveum, Møyfrid Vallestad og Gunn Heimestøl  
**Ansvar for blomar på altaret i Haukedalen:** Hjørdis Birkeland (ut året 2021)

## Tilsette i kyrkjelydane:

Diakoniarbeidar	Ingvar Vagstad	100%
Kateket/leiar for trusopplæringa	Heidi V. Styve	100% (Mykje sjukmeld i.l.a. året)
Kantor	Gro Gunnarson	100% (permisjon 30%)
Kantor	Miguel Espinoza Chavez	100% (40% fast) frå 1.10
Kontomedarbeidar/vikar	Toril Anita Øye	100 %
Kyrkjegardsarbeidar	Terje Sæle	100%
Kyrkjelydspedagog	Gry Sætre	100%
Kyrkjelydspedagog sjukemeld frå mars	Ute Lindner	100% (derav 40% i Jølster)
Kyrkjeseekretær	Kari Skullerud Holsen	50% (pensjonist frå 1.1.22)
Kyrkjevevjerje	Inger Hageberg Øvrebø	100%
Assisterande kyrkjevevjerje	Trond Herløvsund	75%

Kyrkjetenar/klokkar i Haukedalen	Bodil Øvsthus Frøysland	7%
Kyrkjetenar/ klokkar i Holsen	Tor Arild Nydal Holsen	6,2%
Reinhaldar Holsen kyrkje	Jorun Helga Holsen	5,5%

### Bispedømet

Prost	Knut Magne Nesse
Sokneprest	Ingvald Andersen Frøyen
Prest	Carsten Langeland
Prostiprest	Runar Matsui-Li

Det er fleire tilsette i nye Sunnfjord kyrkjelege fellesråd etter kommunesamanslåinga i 2020. Det medfører at personar jobbar meir på tvers av soknegrensene enn tidlegare. Andre personar vil difor også kunna verta involvert i saker som gjeld Holsen og Haukedalen.

### HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN – Statistikk for året 2021

	2018	2019	2020	2021
Døypte eigne	7	2	5	4
Deltakande på søndagsgudstenester	1703	1349	847	782
Deltakande på andre gudstenester	128	120	0	177
Deltakande på gudstenester Totalt	1831	1469	847	959
Tal søndagsgudstenester	33	33	28	27
Tal andre gudstenester	2	2	0	3
Tal gudstenester med nattverd	18	20	13	12
Totalt tal på deltakarar til nattverd	216	241	119	98
Tal gudstenester totalt	35	35	28	30
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	52	42	30	32
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	52	38	30	29
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjester	12	12	9	8
Tal konfirmantar	5	4	3	7
Totalsum på innkomne gåver på kollekt i kyrkja	50.343,- kroner	54.145,- kroner	28.116,- kr	26.717,- kr
Innmelde	0	0	0	0
Utmelde	0	0	0	0
Vigsler	1	0	2	0
Gravferder	2	7	2	4

### Kommentarar til statistikken frå Holsen og Haukedalen – v/ Soknepresten :

Vi har vald å syne fire år i tabellen så ein ser kva som er normalen når det ikkje er pandemi og sterke restriksjonar på samlingar. Som i fjor ser vi at det på mange område er ei halvering i forhold til eit normalår. Det som likevel er ganske stabilt er tal døypte og tal konfirmantar.

Vi har hatt færre gudstenester enn normalt, då vi i periodar ikkje har kunne samle folk, og vi har måtta avlyse nokre konsertar og andre arrangement.

Det som vi er spente på no er om folk vil finne vegen tilbake til kyrkja og gudstenestene når det no opnar opp att og vi kan samlast meir normalt. Vi har ikkje fått høve til å skipa til kyrkjekaffi og heller ikkje andre samkomer som vi har hatt ynskje om for å styrke det sosiale fellesskapet rundt gudstenestene.

Vi er takksame for at vi har hatt Miguel Espinoza med oss i ei tid som organist og at det har ordna seg med at Rune Molvik har teke ansvar for skulekora. Det vert også viktig framover uansett kven som er fast organist.

Eg er som sokneprest svært takksam for det tolmodet og den truskapen soknerådet og soknerådsleiar har synt i ei krevjande tid. Det har vore tungt å planlegge så mykje som så i neste omgang vert avlyst. Som til dømes jubileumskonsert før jul og julekonsert i Haukedalen.

Når vi no skal jobbe vidare, så må vi ta tak i dei planane vi allereie har lagt om å ha oftare kyrkjekaffi i gudstenestene, skipe til fleire konsertar og songkveldar, opne opp for kultursamlingar i kyrkja så terskelen til kyrkjehuset vert lågare for fleire. Samstundes skal vi syte for at gudstenestene vert ein god møteplass for alle generasjonar så vi kan byggje kyrkjelyd for framtida.

Førde 8.februar 2022  
Ingvald Andersen Frøyen  
Sokneprest

## **Arbeid og aktivitet i soknet i 2021**

I 2021 har soknerådet hatt 7 møter og handsama 51 saker. Soknerådsmøta vore haldne vekselvis i Haukedalen kyrkje og Holsen kyrkje.

Smitteverntiltaka grunna korona-viruset har sett sitt preg på aktiviteten i kyrkjelydane også i 2021. Det har både vore færre arrangement og færre deltakarar på ordinære gudstenester. Kyrkjelydane har følgd dei til ei kvar tid gjeldande tilrådingar for smitteverntiltak.

På grunn av smitteverntiltaka og koronaviruset valde soknerådet å invitera berre 50- og 51-årsjubilantane til konfirmantjubileum hausten 2021. Soknerådet ynskjer å samla fleire konfirmantkull i 2022 dersom det vert mogeleg.

Soknerådet hadde planar om både konsertar og juletreffstar i begge bygdene i desember 2021, men alle desse arrangementet måtte avlysast då det vart innført koronarestriksjonar på nytt i desember.

### **Aktivitet i kyrkjelydane gjennom året**

#### **Januar:**

- 01.01 Gudsteneste Haukedalen. Takke- og minnegudsteneste
- 10.01 Gudsteneste Holsen. Takke- og minnegudsteneste . Avlyst pga koronarestriksjonar (ikkje lov å ha gudstenester).
- 24.01 Gudsteneste Haukedalen kyrkje vart avlyst. Det var lov å vera berre 10 personar i kyrkja.

#### **Februar:**

- 07.02 Gudsteneste Holsen messefall pga kulde (berre +12 grader inne i kyrkja)
- 10.02 Soknerådsmøte Haukedalen
- 21.02 Gudsteneste Haukedalen

#### **Mars:**

- 07.03 Gudsteneste Holsen. Utdeling av bøker til 6- og 7-åringar.
- 21.03 Gudsteneste Haukedalen. Utdeling av bøker til 6- og 7-åringar.

#### **April:**

- Påska 2021: Ingen gudstenester eller arrangement i påska pga koronarestriksjonane. Soknerådet pynta kyrkjetrappa med påskeliljer i krukke.  
Open kyrkje i samband med høgtidsringinga påskeafta kl 17.00 - 18.00. To personar nytta tilbodet i kvar av kyrkjene.
- 07.04 Soknerådsmøte Holsen kyrkje
- 18.04 Gudsteneste Holsen

**Mai:**

- 02.05 Gudsteneste Haukedalen
- 09.05 Gudsteneste Holsen. Konfirmasjonar planlagt til 9. mai og 23. mai vart utsett til hausten 2021 pga koronareglane.
- 17.05 Gudstenester Haukedalen og Holsen. Begge plasser ute på kyrkjebakken i godt ver. I Haukedalen enkel kyrkjekaffi og appell ved Nils Gjerland etter gudstenesta
- 23.05 Pinsedag med gudsteneste i Haukedalen kyrkje kl 11.00 og i Holsen kyrkje kl 15.00.
- 26.05 Soknerådsmøte Haukedalen kyrkje

**Juni:**

- 13.06 Gudsteneste Holsen
- 24.06 Jonsokgudsteneste Haukedalen kl 19.00. Soknerådet laga til kyrkjekaffi etter gudstenesta.

**Juli:**

- 11.07 Gudsteneste Holsen med prestevikar Ingvild Prestbø
- 18.07 Stølsmesse Haukedalen. Den vart flytta frå Reinestølen til kyrkja grunna dårleg ver (regn, vind og låg temperatur).

**August:**

- 08.08 Stølsmesse Holsen på Nydalsstølen i flott sommarver.
- 15.08 Gudsteneste Haukedalen med årsmøte etter gudstenesta.
- 29.08 Gudsteneste Holsen med dåp

**September:**

- 01.09 Soknerådsmøte Holsen kyrkje
- 11.09 Gudstenester Holsen kl 10.30 og 12.00 med konfirmasjon. Lukka gudstenester for konfirmantfamiliane.
- 12.09 Gudsteneste Haukedalen med konfirmasjon. Lukka gudsteneste for konfirmantfamiliane.
- 29.09 Gudsteneste Haukedalen. Mikkelsmesse, skulegudsteneste, hausttakkefest. Konfirmantpresentasjon. Kyrkjekaffi etter gudstenesta

**Oktober:**

- 06.10 Soknerådsmøte Haukedalen kyrkje
- 17.10 Gudsteneste Holsen. Hausttakkefest med konfirmantpresentasjon og konfirmantjubileum (50- og 51-årsjubilarantar). 5 jubilarantar møtte til gudsteneste og påfølgande middag på Fjellstova på Rørvikfjellet.
- 31.10 Gudsteneste Haukedalen med dåp. Utdeling av bøker til 4- og 5-åringar, samt bibelbok til 5. klasse.

**November:**

- 03.11 Soknerådsmøte Holsen
- 14.11 Gudsteneste Holsen med dåp. Utdeling av bøker til 4- og 5-åringar, samt bibelbok til 5. klasse.

**Desember:**

- 01.12 Skulegudsteneste Holsen
- 05.12 Lysmesse Holsen. Kyrkjekaffi med markering av at kyrkja er 160 år i desember.
- 05.12 Lysmesse kl 14.00 Haukedalen. Skulegudsteneste med song av skulekoret og tekstlesing av elevane.
- 11.12 Jubileumskonsert Holsen kyrkje med kantorar, sokneprest og lokale aktørar. Avlyst/utsett.
- 16.12 Julekonsert Haukedalen med kantorar, sokneprest og lokale aktørar. Avlyst.
- 24.12 To gudstenester i Haukedalen (kl 11.30 og 12.30) og ei gudsteneste på Holsen (kl 14.00) med påmelding i begge bygdene. Tilsaman deltok 82 personar i Haukedalen og 33 personar på Holsen. Marit Lund Bjørnsen spela barokktrombone saman med kantor Miguel på orgel i begge kyrkjene.

- 27.12 Juletefeste Holsen. Avlyst  
28.12 Juletefeste Haukedalen. Avlyst

Det vart innført koronarestriksjonar på nytt i fyrste halvdel av desember, og det vart reglar for kor mange som kunne vera samla innandørs, krav om 1m avstand og bruk av munnbind. Soknerådet valde grunna smittevernreglane å avlysa konsertar og juletefestar dette året.

### **Gudstenester**

Det har vore gudstenester etter oppsett gudstenesteplan så sant det har vore lov å ha gudstenester etter gjeldande smittevernreglar. Kyrkjene var ikkje opne for gudsteneste ein periode i januar og i april. Dette var andre året på rad at det ikkje var lov å ha gudstenester i påska.

Smittevernreglane har vorte følgde og kravet til avstand mellom personar avgjer kor mange me kan vera samla i våre små kyrkjer.

Soknerådet har ikkje arbeida med involvering av personar til tekstlesing eller musikalske innslag i gudstenestene i 2021.

### **Kyrkjemusikk**

Miguel Espinoza Chavez starta i stillinga som kantor i Førde og Holsen/Haukedalen i oktober.

Skulekora i Holsen og Haukedalen har ikkje hatt faste øvingar i 2021, men soknerådet har oppmoda kantor om å øva saman med skulekora før skulegudstenestene. Rune Molvik har hatt ansvar for at skulekoret i Holsen har hatt øvingar, og i Haukedalen har skulen hatt samarbeid med Miguel E. Chavez før skulegudstenestene.

### **Salmekvelder og konsertar**

Det har ikkje vore arrangert verken salmekvelder eller konsertar i 2021. Planlagte konsertar i desember måtte avlysast på grunn av koronarestriksjonane.

### **Misjonsavtale**

Soknerådet inngjekk misjonsavtale med NMS i 2015. Me støttar arbeidet i Estland.

Det var ei ofring i kvar kyrkje til misjonsprosjektet i 2021. Planlagde ofringar på påskedag gjekk ut sidan det ikkje var lov å ha gudstenester i påska pga koronatiltaka.

Informasjon kjem i form av e-post frå Estland fleire gonger i året. Tanken er at kyrkjelydane skal få informasjon frå Estland i enkelte gudstenester. Det er vanskeleg å få formidla nok om misjonsprosjektet til at kyrkjelydane får eigarskap til misjonsprosjektet.

Det har ikkje vore misjonsgudsteneste i nokon av kyrkjene i 2021.

### **Opprusting/vedlikehald kyrkjene**

- Det gamle teppet i sakristiet i Holsen kyrkje var i dårleg stand og er teke vekk. Det kom fram eit flott tregolv under teppet. Det vert arbeida med å skaffa eit nytt teppe.
- Holsen kyrkje vart måla i 2021. Stakittgjerdet langs elva vart også måla.
- Rullestolrampe til toalettet ved Holsen kyrkje er komen på plass.
- Det er kome nye lamper langs vegen ned til Holsen kyrkje. Nye lamper i hjørnet ved trappa mot inngangsdøra er montert opp.
- Smijernskrossane på kyrkjegarden i Haukedalen er pussa opp, men dei er ikkje sett opp att på kyrkjegarden endå. Dette gjeld dei to smijernskrossane i familien til komponist Haarklau. Soknerådet har brukt av pengegåva som var øyremerka oppussing av desse krossane.

- Ny dåpsmugge er kjøpt til Haukedalen kyrkje sidan hanken på den gamle mugga vart knust. Kostnaden er delt mellom Fellestrådet og soknerådet.
- Gitter montert over omnane under kyrkjebenkene.
- Dugnad på kyrkjegarden på Holsen våren 2021, også dette året eit samarbeid mellom grendalaget på Holsen og soknerådet. I Haukedalen vurderte soknerådet det til at det ikkje var naudsynt med større dugnad våren 2021.

### **Diakoninemndene sitt arbeid**

**Holsen** (skrive av Inger Lise Vallestad):

Diakoninemnda frå Holsen har også i år vore på besøk hjå jubilarantar som har fylt 70 år og oppover. Det har fordelt seg slik: fire 70-årsdagar, fem 75-årsdagar, to 90-årsdagar og ein 95-årsdag. I alt 12 jubilarantar.

Diakoninemnda har hatt to telefonmøte ang kven som leverer blomster til dei ulike jubilarantane. Diakoninemnda i Holsen 2021 har vore Hallbjørg Sveum og Inger-Lise Vallestad.

**Haukedalen** (opplysningar frå Magnhild Rørvik):

Diakoninemnda i Haukedalen har delt ut til saman 11 blomsehelsingar i 2021. Dette har vore til tre personar 70 år, tre personar 75 år, to personar 80 år, ein person 85 år og to personar 90 år.

Magnhild Rørvik har også ringt eit par av dei eldre i bygda fleire gonger.

Diakoninemnda i Haukedalen har vore Magnhild Rørvik og Bodil Støfring.

### **Dåpsklubben i Haukedalen**

Det har vore mindre aktivitet i Dåpsklubben enn vanleg dette året. Det var ei samling med juleverkstaden i desember. Då møtte det 13 ungar som laga tennbrikettar, nisseluer, gaverosettar og julekort. Samlinga vart avslutta med graut med mandel og premie til den heldige finnaren. Det vart også tid til ein adventssong.

Me håpar å få til fleire samlingar i 2022.

Ansvarlege for Dåpsklubben er framleis Tor-Arild Nydal Holsen, Bodil Øvsthus Frøysland, Karin Øverli Grøneng og Else Renate Myren.

### **Dette vil soknerådet jobbe med i tida framover:**

Det har vore to annleis år med mindre aktivitet enn vanleg pga koronapandemien. Me tek med denne punktlista i årsmeldinga som påminning om dei faste aktivitetane me hadde før pandemien.

- Soknerådet, i samarbeid med diakoninemndene, vil halde fram med å arrangere «Vi over 60-fest» kvart år, men annakvart år i Holsen og Haukedalen. Det vil vere diakoninemnder i begge bygdene. Dei vil sørgje for blomsterhelsingar frå kyrkja til alle som fyller runde år f.o.m. 70 år.
- Dåpsklubben i Haukedalen vil halde fram som før. Soknerådet ynskjer at det skal koma i gong tilbod for born/unge i Holsen. Det er vanskeleg å få i gong eit regelmessig tilbod på Holsen så lenge det ikkje er nokre eldsjeler med born som ivrar for å få i gong noko kristent arbeid.

- Det vert stølsmesser kvart år i begge bygdene.
- På Holsen vil det bli arrangert konfirmantjubileum for 50-, 60-, 70- og 75-årsjubilarar. Soknerådet syns det har fungert godt etter at me byrja å invitere fleire enn 50-årsjubilarar i 2014. Frå og med 2018 har det vore arrangert konfirmantjubileum i begge bygdene i september. Det vart konfirmasjon i Haukedalen i 1968 og sidan det i begge kyrkjene. Skal det vera konfirmantjubileum i begge bygdene kvart år eller er det mogeleg ha eitt felles arrangement sjølv om jubilarane er konfirmerte i to kyrkjer?
- Den tradisjonelle julefesten i Holsen skal framleis vere årvisst. Soknerådet ynskjer at det også skal arrangerast juletreffest i Haukedalen.
- Soknerådet vil halda fram med å utfordre/oppmode organisasjonar og personar i begge bygdene til å delta i gudstenester, dette for å få større involvering og engasjement rundt kyrkja og gudstenestelivet. Soknerådet har eit ynskje om å ”få liv i” involveringa etter at dette dei siste åra har fungert dårlegare enn det som var tanken då me starta med dette.
- Skulekorøvingane på begge skulane vil halda fram. Skulekora og skulane vil delta på skulegudstenestene og i kyrkja 17.mai. Korleis vert dette frå hausten 2022 når Frøysland skule er lagt ned?
- Soknerådet er blitt oppfordra til å få til andre samlingar i kyrkjene enn gudstenestene. Det nye soknerådet og den nye soknepresten har snakka om dette på Soknerådsmøte og me ynskjer å ta tak i dette.
- Soknerådet har hatt eit ynskje om å få til salmekveldar i begge kyrkjene kvart år, utan at dette har blitt heilt gjennomført. Soknerådet må vurdere om det er andre måtar å få til musikkksamlingar i kyrkja.
- Soknerådet ynskjer at det skal vera julekonsert i soknet kvart år, gjerne annakvart år i Holsen og Haukedalen.
- Soknerådet ynskjer at det skal vera dugnad på kyrkjegarden/rundt kyrkjene kvar vår. I Haukedalen er det ynskje om dugnad vår og haust.